indremisjons Veven

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN
01 - 2019

ims
Indremisjonssamskipnaden
Med Guds ord til folket

Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

Lagsarbeid for den enkelte

Leiar av
Johannes Olsen
UNG-leiar

I årets sesong av «Mesternes mester» på nrk, seier Glenn Solberg i eit intervju at håndballen redda livet hans. Som 11 åring var han alt begynt med rusmiddel og kriminalitet, men han gjekk på håndball, for det gjorde alle andre. Og det var spesielt ein trenar som brydde seg, og var nede i sentrum å henta han dersom han ikkje kom på trening. Han fekk ansvar og tillit på laget, og det var ein gjeng som var gode mot kvarandre. Dette gjorde at Glenn til slutt valgte håndballen i staden for det andre.

Me som driv med kristent lagsarbeid, har mykje å lære av denne historien. Det er veldig kjekt å reise rundt på lagsbesøk og sjå alt det fantastiske arbeidet som blir gjort, med kjekt opplegg og mange barn. Men eg møter fleire leiarar som er stressa, slitne og har alt for mykje å gjere. Og då veit eg av eigen erfaring, at det er vanskeleg å prioritere enkeltpersonar, og å ta dei vala som kostar litt ekstra, men som gjer at fleire føler seg sett og inkludert. Så kva gjer me med dette?

Her trur eg det finnes mykje god kunnskap og dugleikar i det lokale arbeidet, og eg som UNG-leiar har lyst til å gje dykk frimodighet på å tenke nye tankar, og å våge å kutte ned på ting for å få betre tid. Eg høyrte om eit lag i ein anna krets som hadde alle samlingane ute, fordi dei hadde ein gutegjeng som ikkje likte å sitje stille. Og ei anna historie om ein pappa som starta ein liten legoklubb i heimen, sidan han og sonen var så glad i lego, og han hadde nokre kameratar som syntes det var kjekt. I tillegg trur eg at Awana-bøkene er gode reiskapar i heimane rundt om, og kan gjere at både små og store kan snakke om tru heime. Så håpet mitt er at kvar bygd kan ha vaksne personar som har tid til å lytte til kva bygda treng, og be til Gud, slik at alle barna som bur der på ein eller anna måte kan bli møtt av både Jesus og mennesker.

Til slutt vil eg ta fram leirarbeidet. Det er ein stad der me kan ha tid til den enkelte, og der dei får høyre mykje om Jesus samtidig som dei har det veldig kjekt. Men me klarer ikkje å følgje dei opp lokalt. Derfor utfordrar eg dykk som driv lokalt arbeid, om å ta med alle på laget dykkar på leir. Så kan de vere med å styre litt av opplegget, og få ein billegare pris på leiren. Då kan de få ein «boost» på relasjonar og forkynning som de kan ta med heim igjen.

Økonomien ved nyttår

Vi er komen godt inn i 2019, og det er tid for å gjera opp status for fjoråret. Rekneskapet viser eit foreløpig underskot pr nyttår, men endelege tal er ikkje klar før vi får det att frå revisor.

2018 òg vart eit spanande år med store underskot på hausten, før det kom gode inntekter mot årsskiftet, både frå privatpersonar, foreiningar og lag. Hovudinntektene til IMS kjem frå gåveinntekter frå fast gjevarteneste, gåver frå lag og foreiningar, storsamlingar vi arrangerer gjennom året, og julemessene som foreiningane står for, bl.a.

Tusen takk for truskap og gode gåver, dette er med og held arbeidet oppe, og bidreg til framgong og vekst i IMS.



Ynskjer du å bli fast gjevar?
Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema på www.indremisjonen.no

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Fax: 53 41 27 40
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
Heimeside: www.indremisjonen.no
E-post: post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjonssamskipnaden

IMS-styret:
Ole Bernar Innvær, formann
Liv Ingunn H. Medhaug, nestformann
John Morten Espevik
Brit Gjerde Voster
Bjørn Saghaug
Olaug Fagerheim
Bernt Arild Gjøvåg

Vara:
Marte Kvilhaugsvik
Oddvar Torget
Åse Farestveit

Helgatun
5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Telefax: 56 51 98 99
Bankgiro: 8220.02.80497
Konst. dagleg leiar: Sylvi R. Sørfonn
Heimeside: www.helgatun.no

Brandøy
5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
Heimeside: www.brandoy.no

Framnes KVGS
5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Telefax: 56 55 13 92
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
Heimeside: www.framnes.vgs.no

SunnBok
Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
www.sunnbok.no

Framside-foto:
Fleire av dei tilsette på Helgatun. F.v. Joanna Jacuk, Anne Mette Norekvål, Ingunn Bystøl og Roman Jacuk.

Trass alt...

Andakt av
Eirik Stensland

I dette korte andaktsordet vil eg gjerne ta deg med inn i Markus 13, 21-27. Eg vil ikkje sitera desse versa, men oppmodar deg til å lese dei sjølv før du fortset.

Det som stansa meg var vers 22. Om desse falske profetane. Dette er ikkje noko nytt. Paulus åtvarar dei eldste i Efesos om slike like før han blir tatt med til si domsavseiing i Rom (Apg. 20, 28-31). Paulus kallar dei for glupske ulvar. Nokre gonger så kjem det nokon og påstår noko som går så på tvers av det eg har høyrd før at eg høyrer det skurrar frå start. Dei er eg ikkje så redd for. Dei eg synest er skumlast er dei som snik inn ei anna lære midt mellom oss. Våre eigne.

Jesus fortel i Markus 13 kva teikn som skal visa at Han snart er her, og han beroligar disiplane sine om at denne tida tek slutt. Når tida er mogen vil Han koma for å henta oss heim. Samtidig så veit Jesus kva som ventar og seier rett ut at det kjem til å bli vanskeleg. Han ber oss om å vera vakne, vera klar. For mange vil prøva å leia oss vill.

Noko eg høyrer stadig er at me trass alt lever i 2019. Som eit motargument mot noko. Eg forstår kor dette kjem frå. Eg kjenner at mange ting i Bibelen er vanskelege å forstå. Eg vil likevel gå til Guds Ord for å finna Hans vilje. Hans Ord veg mykje tyngre enn andre sine. Apostlane sine ord, dei som fysisk gjekk i lære hjå Jesus, veg tyngre enn dei som trass alt lever i 2019. Hebrearbrevet seier i slutten av kapittel fem at dei skulle vore komne lengre, dei burde kunne ta til seg meir enn Bibelen sine grunnleggjande ting. Dersom Guds Ord vert retusjert og me blir likegyldige til innhaldet i Bibelen, kva står då att? Blir Jesu stedfortredande død så brutal at me trass alt i 2019 ikkje lenger kan fortelja det slik det er? Bibelen er dønn ærleg med oss. Gud fortel oss ting slik dei er. Han som trass alt er evig.

Indremisjonssamskipnaden inviterer til

Forsamlingskonferanse

Norheimsund Bedehus

Laurdag 9. mars kl. 1100 - 1700

Program for dagen:
Registrering frå 1030
1050: Lovsong
1100: Velkomst og fellessesjon: **«Kva kan det kristne fellesskapet bety for bygda?»** v/Johannes Olsen
1200-1215: Pause
1215: **Speed learning** (her rekk du to postar)
1. Kva kan me læra av Awana-arbeidet i Norheimsund? v/Mirjam Eide Gravdal
2. Ung-leder! Her får du høyra meir om oppstart av samtalegruppe i Eikelandsosen v/Norunn Rød Markhus
3. NaMu-prosess Voss. Korleis kan ein bevisst arbeida for å bli sunnare som forsamling? Knut Kvamme m.fl. fortel om deira prosess med Naturleg menighetsutvikling
4. Nye felleskap. Kva kan me læra av nyplantingsarbeidet på Fitjar? v/Johannes Olsen

1300: Middag
1400-1440: Fellessesjon: «**Korleis kan arbeidet bera frukt?**» v/Knut Kvamme
1500-1540: **Me deler!** Finn di gruppe der de deler og inspirerer kvarandre.
Barnearbeid – Johannes Olsen
Ungdomsarbeid – Olav Humlebrekke
Forsamlingsarbeid – Knut Kvamme/Marit Hårklau Ådnanes
Bønearbeid – Norunn Rød Markhus/Hans Arne Børsheim
1600: Fellessessjon: **«Utrusta og utsendt»** v/Marit Hårklau Ådnanes
Bøn og lovsong

Lovsong ved Vidar Sangolt m/band
Pris kr 300,-
Påmelding: www.indremisjonen.no innan onsdag 6. mars



ims

BØNE SPALTA

BE FOR:
- Forsamlingskonferansen i Norheimsund 9. mars
- Leiarar og deltakarar på Brandøytreff og Vårtreff
- Eirik Stensland, vår nye ungdomsarbeidar
- SunnBok, vår lokale kristne bokhandel
- Ungdomane som i desse dagar søkjer plass på Framnes og Bildøy

BE OM:
- at leiarane i barne- og ungdomslaga våre får sjå barn og ungdom med Jesus sine auge og bruka tid på kvar enkelt
- behov for å lesa i Bibelen slik at me kan øva opp sansane våre til å skilja mellom godt og vondt, og vera på vakt mot falske messiasar og falske profetar
- visdom og kunnskap i strategiarbeidet framover

TAKK FOR:
- alle som var på leir i haust og fekk høyra om Jesus
- velsigning og inntekt som julemessene gav oss
- eit nytt år med nye muligheter til å nå nye menneske med Guds Nåde
- alle som er med i styre for Framnes, Helgatun, Brandøy, Helgatunlia, SunnBok og IMS

VEGEN VIDARE

Både Indremisjonsforbundet (ImF) og Indremisjonssamskipnaden (IMS) er i kontinuerleg prosess på strategi, og korleis vera til best mogleg hjelp for det lokale arbeidet. Som krets er IMS tilslutta ImF. Generalforsamlinga til ImF, som er kvart tredje år, blir no del av leiarkonferansen november 2019 på Straume. Her skal viktige val bli gjort og retning bli satt for framtida.

Nedanforståande skriv er sendt ut til alle lag, foreiningar og forsamlingar i samanhengen vår. Du finn også innhaldet som video på www.imf.no/gf2019. Me har bedt om at innhaldet blir drøfta i lokale samlingar, og at tilbakemelding blir gitt innan 1. april. Tilbakemeldingar frå vår krets vert del av grunnlaget for samtale under utsendingsmøtet på Stord 22. juni, samt også grunnlag for vidare strategiprosess i IMS.

Historien

Mange unge i dag kjenner ikke historien til bedehusbevegelsen/indremisjonsarbeidet. La oss derfor ta et veldig kort resymé:

a. Vår organiserte indremisjonshistorie strekker seg vel 150 år tilbake i tid.

b. Veien åpnet seg for lekfolket til å forkynne og samles fritt om Guds ord, og en frigjørende Kristus-forkynnelse fødte en glød for misjon, både i vårt folk og ut til folkeslagene.

c. Det ble en oppvåkning for å gjøre noe med den sosiale og åndelige nød i folket.

d. Engasjementet spredte seg fra by til land, fra bygd til bygd.

e. Det var bølger av vekkelser i ulike tidsepoker. Bare i våre områder ble det bygget over 600 bedehus.

f. En sluttet seg sammen i kretser og forbund for å kunne sende ut forkynnere, informere om arbeidet, formidle litteratur, drive bibelskole, starte det som i dag er folkehøgskoler, drive barnehjem, andre diakonale institusjoner, osv. I nyere tid har en etablert leirsteder, flere friskoler, barnehager, lokalradioer, med mer.

g. En del av dette bildet er at det i mange områder har det vært nært samarbeid, eller i alle fall en klar arbeidsfordeling, mellom bedehus og kirke: Gudstjeneste og sakramentsforvaltning i kirken, og det frie lekmannsarbeidet i bedehuset.

Nåsituasjonen

Vi har opplevd til dels store endringer i både samfunnet og indremisjonsarbeidet de siste årene, og det er ikke lett å beskrive nåsituasjonen på en måte som alle kjenner seg igjen i. Noen vil løfte fram en positiv utvikling for forsamlinger som satser på nye arbeidsformer, styrking av interne ressurser som følger opp arbeid for barn, unge, voksne, utruster ledere, samler seg om felles misjonsarbeid, osv. Andre vil vektlegge en negativ beskrivelse av kristendommens plass i samfunnet, en utfordrende kirkesituasjon, bedehus som blir lagt ned, færre forkynnere i organisasjonene, osv.

Hva skal til?

«Det landet vårt trenger er en gjennomgripende vekkelse», vil noen si, gjerne med tanke på det en erfarte for noen tiår tilbake. Ja, men hvordan kan den vekkelsen se ut i vår tid? Det at mennesker får høre Evangeliet, bli omvendt og få et nytt liv i Gud – må det skje akkurat likt det bildet vi har i vårt hode når vi tenker på vekkelse i bedehusene eller leirplassene?

Disippelgjøring

Vi i ImF har en stund jobbet ut fra en strategi om at vi vil hjelpe hjemmene og de lokale fellesskapene til å plante Guds ord i barn og unge, slik at det bygges en slitesterk tro som står seg i møte med angrep på kristen tro. Hensikten er også å gjøre mennesker til disipler (slik Jesus sier i Misjonsbefalingen) ved at vi ikke bare har de rette svarene i etiske og bibelske spørsmål, men at vi lever i etterfølgelse og overgivelse til Jesus i hverdagen. Veien til et bedehus kan være lang for mange mennesker som ikke kjenner Jesus, men den kan være kort til en relasjon med kristne i nabolaget som er opptatt av å leve som Jesu etterfølgere i hverdagen.

Revitalisering

Derfor arbeider vi for å revitalisere og fornye våre eksisterende forsamlinger og fellesskap. La det være klart: Guds ord er uforanderlig, og det er bare Gud som kan skape vekst. Det vi må ta ansvar for er at våre sammenkomster, våre strukturer, det lokale lederskapet, osv, er av en slik art at Guds tanke og vilje kan få gjennomslag i hans folk. At nådegaver blir forløst, at vi reflekterer Jesu kjærlighet i møte med mennesker, at vi møter vår tids diakonale behov (som gjerne er helt andre enn de første indremisjonærene stod ovenfor), at det blir en naturlig ting å snakke om tro, osv. Vi tror at en kontinuerlig må jobbe med dette i våre fellesskap for at vi igjen skal vinne nye generasjoner for Gud.

To spor i IMS – og oppklaring av omgrepet forsamling

Me ser at det kan vera behov for ei oppklaring av omgrepet forsamling. Ordet forsamling er eit gresk ord som i vanleg samanheng betyr folkeforsamling eller «dei som kjem saman, fordi dei er kalt ut/saman». Når me nyttar det i eigen samanheng, meiner me difor fellesskapet på bedehuset.

Forsamlingsbygging er eit av satsingsområda til IMS. IMS skal romma eit stort mangfald, og alle dei lokale forsamlingane er sjølvstendige. Sidan behova og ynskja er ulike lokalt, har IMS sagt at forsamlingsbygging går i to spor:

1. IMS ynskjer å støtta dei som ynskjer å gå mot forsamling med fullt tenestetilbod til sine medlemmer.
2. IMS ynskjer i like stor grad å støtta dei som ynskjer å utvikla seg til ei meir sunn og voksande forsamling – men som ynskjer å stå tett på t.d. DnK.

Planting

Og så tror vi at det er helt nødvendig å plante nye fellesskap og forsamlinger i landet vårt. Det er åpenbart ut fra at det er store geografiske områder i landet vårt der det er lite aktiv kristen virksomhet. Derfor jobber vi sammen med 13 andre organisasjoner og kirkesamfunn med et felles mål om å plante hundrevis av nye menigheter de neste årene. Vi må innta nytt land! Men vi tror også at det er nødvendig å plante nye fellesskap i våre tradisjonelle nedslagsfelt, blant annet fordi det noen steder ikke er evne eller vilje til å gjøre de endringene i bedehusarbeidet som er nødvendig for å vinne nye generasjoner for Himmelen. De første tiårene av vår historie handlet om å plante nytt i bygd og by. Det var en offensiv, erobrende ånd drev misjonsarbeidet framover og utover. Tror du det fortsatt er mulig? Vi tror det fortsatt er mulig, fordi Gud fortsatt er på tronen, og Guds løfter er sanne.

Utfordringen

Ved overgangen til et nytt år med kretsårsmøter og generalforsamling i ImF, henvender vi oss til dere som står i det lokale arbeidet. Vi som er ledere og styrer i organisasjonen sier til dere: Denne organisasjonen ble til for å hjelpe det lokale arbeidet til å nå ut med Guds ord til folket. Den skulle være et svar på den tids utfordringer, og det utgangspunktet har ikke forandret seg. Ja, det er også startet mange fellestiltak både sentralt og regionalt som har vært til velsignelse, men det grunnleggende har alltid vært at vi må styrke og hjelpe de lokale fellesskapene til å leve ut visjonen om å vinne folket for Gud. Det er dere vi er til for, ikke omvendt! Og situasjonen er jo den at dersom det ikke er vilje eller evne lokalt til å ta ansvar for de fellestiltakene vi har, er det snart ikke bærekraft nedenfra til å opprettholde det vi har.

Forventning til dere

Vi henvender oss til dere, faktisk med en forventning om at dere i lokalt årsmøte eller medlemsmøte kan gi oss noen konkrete tilbakemeldinger.

Omfang: Det er svært viktig at alle med ansvar får være med i samtalen, det vil si ledere for arbeid blant barn, unge, de voksne, familiene, de eldre. Alle må bli hørt.

Ærlighet: Det kan oppleves utfordrende å stikke hodet fram i kretsårsmøter og/eller generalforsamling for å utfordre det bestående. Her inviteres dere til å svare som lokalt fellesskap, altså ikke anonymt, men likevel uten at enkeltpersoner stilles personlig ansvarlig for det som kommer fram. Vi håper det skal gi ærlige og oppriktige tilbakemeldinger:

- **Det grunnleggende:** Hva trenger dere oss til i dag? Om dere trenger hjelp, hva kan det være? Vær konkret, og tenk ut fra en ønsket ressurssituasjon, ikke bare den som er i dag.
- **Organisasjon:** Oppleves krets og forbund i dag som en medhjelp/katalysator for at det kan skje et fornyende, utviklende og framtidsrettet forsamlings- eller felleskapsarbeid på ditt hjemsted? Eller er vi blitt en bremsekloss? Er organisasjonsleddet blitt en byrde som suger ressurser og energi ut av det lokale arbeidet, eller er det en positiv medspiller? Og om vi utvider perspektivet: Er bedehusorganisasjonene som helhet en slik hjelp, eller er det blitt en byrde? Bør vi organisere oss smartere?
- **Økonomi:** Dersom dere fortsatt mener at vi trenger organisasjonsledd i Indremisjonen, hvordan skal det finansieres i framtiden? Skal det fortsatt være avhengig av enkeltpersoner som har syn for det, eller vil dere som lokale fellesskap ta ansvar for det? Det er lansert eksempler på fordeling mellom eget behov, organisasjonsleddene i ImF og ytremisjon. Er dette noe som er aktuelt for dere?
- **Strategi:** Om det er tilslutning eller motforestillinger til vår strategi og profil, er det også mulighet til at det kommer til uttrykk.

Ansvar for fleire enn seg sjølv

Under «økonomi» er det vist til eksempler på korleis forsamlinga kan fordela inntekter mellom eige behov, krets, ImF og ytremisjon. Generalsekretær Erik Furnes har skrive artikkel om dette i Sambåndet 11/18 med tittelen «Forsamlingsarbeid med bremsene på?». Furnes meiner at me bør kanalisera det meste av vår faste givarteneste til forsamlinga. Vidare foreslår Furnes denne fordelingsnøkkelen i forsamlinga: 50 % til eiga drift, 10 % til ImF-krets, 5 % til ImF sentralt og 35 % til ytremisjon.

Du finn artikkelen i sin heilskap på
http://sambaandet.no/2018/11/16/forsamlingsarbeid-med-bremsene-pa/.

LIK OSS PÅ facebook

Barne- og ungdomssidene

Lise Marie
Barne- og fam.arbeidar

Leirar framover

Brandøy:

Tweensweekend
5.-7. klasse
8.-10. mars
Kr. 750,-

Juniorhelg*
4-9 år m/fylgje
22.-24. mars
Kr. 600,-/1100,-

Påskefestival
8. klasse ++
12.-16. april
Kr. 1300,-

Sommarminileir
2.-4. klasse
25.-27. juni
Kr. 750,-

Sommarleir
5.-7 klasse
27.-30. juni
Kr. 950,-

Helgatun:

Superhelg
0-9 år m/fylgje
24.-26. mai
Kr. 600,-/1100,-

Minileir
2.-4. klasse
25.-27. juni
Kr. 730,-

Tweensweekend
5.-7. klasse
25.-27. juni
Kr. 730,-

Meir info finn du på nettsida vår under fana "leir". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04

ims
Indremisjonssamskipnaden
Med Guds ord til folket

www.indremisjonen.no

Kjekt med sypost på juleverkstad

Tre jenter på rommet på Brandøy

Stratego er alltid ein slager på leir



Johannes
Ung-leiar IMS

Eirik
Ungdomsarbeidar

Mitt bibelvers!

Vær gode mot hverandre,
vis barmhjertighet så dere tilgir
hverandre, likesom Gud har
tilgitt dere i Kristus!

Efesarane 4, 32

Andreas Hellesøy, 14 år, Kvinnherad.

UNG-leiars kommentar

Leirarbeidet

Bileta viser kor kjekt me har hatt det på leir dei siste månadane. Det er mange frivillige og arbeidarar som brukar mykje tid på leir, og me ynskjer at det skal bety noko for endå fleire. Då er det viktig at du som les dette, tenker korleis du kan bidra for at fleire frå din heimplass får veta om leirane. Og i tillegg er me på IMS-kontoret glade for alle tips og bidrag til at leirane vert ekstra kjekke.

Mvh Johannes Olsen, UNG-leiar, IMS

Koselege formidlingar av bibelen

Bra lovsang på ungdomsleirane

Godnatthistorie med full fokus

Mange smil på julekverkstad på Helgatun

Mange gode ord på flotte kort

Aktivitetskalender 2019
INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

Brandøy

Februar:
08.-10. Damehelg
22.-24. Brandøytreff –leir tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming

Mars:
08.-10. Tweensweekend 5.-7. klasse
22.-24. Juniorhelg 4-9 år i følgje med vaksen

April:
12.-16. Påskefestival 8. klasse og eldre
29.-02.05. Vårtreff –for oss over 60

Mai:
10.-11. Dugnadshelg

Juni:
25.-27. Sommarminileir 2.-4. klasse
27.-30. Sommarleir 5.-7. klasse

Juli:
03.-07. Familieleir

August:
08.-11. Active-ten start 8. klasse og eldre
24.-25. Brandøyhelg m/Brandøydag

September:
06.-08. Kvinnehelg

Oktober:
25.-27. Hausttreff 10. klasse og eldre

November:
22.-24. Miniadventshelg 2.-5. klasse
29.-01.12. Ten-helg 8.-10. klasse

Desember:
06.-08. Adventshelg 5.-7. klasse

Helgatun

Februar:
01.-03. Skiweekend 8. klasse og eldre
23.-03.03. Vinterferieopphald

April:
12.-16. Kombileir –for heile familien
17.-22. Påskeopphald –for heile familien

Mai:
24.-26. Superhelg 0-9 år i følgje med vaksen

Juni:
11.-15. Dugnadsveke
25.-27. Minileir 2.-4. klasse
25.-27. Tweensleir 5.-7. klasse

August:
11.-16. Helgatuntreff med busstur
19.-23. Sunnhordlandstreff

September:
06.-08. Pusterom
20.-22. Damehelg

November:
22.-24. Juleverkstadleir 4-10 år m/følgje
29.-01.12. Førjulshelg 4.-7. klasse
29.-01.12. Ungdomshelg 8. klasse og eldre

Desember:
23.-27. Juleopphald

Andre arrangement:
10.02. Vintermøte Bremnes
09.03. Forsamlingskonferanse Norheimsund
21.-23.06. Sommarens Storsamling Stord
27.-29.09. Haustmøte Stord
28.09. IMS Leiarkonferanse Stord
10.-13.10. PIT STOP Stord

Sommarstemne:
30.05 Venestemne Fitjar
09.05 Pinsestemne Tysnes
11.08 Solheimsdal-stemne Tysnes
25.08 Brandøydagen

Evangelisering:
11.-13.07. Pit Stop Tysnesfest

Julemesser:
23.11. Førjulsmesse Tysnes
30.11. Julemesse Bremnes

ims

skapertillit

Åpen debattgruppe rundt Bibelens troverdighet

SkaperTillit er ei open debattgruppe rundt Bibelens troverdighet. Bernt Arild Gjøvåg fortel at ideen har modnast fram over fleire år og berre blitt sterkare og sterkare. Då Tove Iren Notland i haust spurde om me skulle dra i gong ei samling omkring dette som tema og Gud som skapar, trengte eg ikkje eitt sekund ein gong på å tenkja meg om, fortel Bernt Arild. I tillegg var også Jon Greger Notland med og drog dette i gong. ImF Stord står bak som arrangør, og me samlast i kjellaren på Leirvik bedehus ein gong i månaden. Føremålet er å gi bibelkunnskap og visshet om at me kan stola på at Guds Ord er sanning.

Ein kveld med SkaperTillit: me startar med ein kort introduksjon av dagens tema, for så å raskt gå over til plenumsamtale. Så samlast me i mindre grupper og snakkar om eit utvald spørsmål, før me igjen snakkar vidare om dette i plenum. Om mogleg, prøver me å konkludera med noko, før me til slutt spør oss sjølve: Har me fått meir tillit til Bibelen? Og ikkje minst: Har Jesus fått ære? Sjølv om det er ei debattgruppe med mykje fokus på samtale, er det heilt greit om ein berre ønskjer å sitja og høyra på, seier Bernt Arild. Så langt har det det vore harmoniske samtalar. Om me skal ha ei justering, må det evtentuelt bli å invitera personar som vil vera meir ueinige i temaet. Me har godt av å bli utfordra og testa på de me trur på. Og som me seier i ein av dei sju køyrereglane me har: "Alle meningar skal verta høyrt og alle skal bli møtt med respekt av alle".

I haust har me hatt tema omkring: "Kan me ha tillit til Bibelen?", "Evolusjon i både Bibel og vitskap?", "Profetiar i Bibelen og i dag", og "Bibelens tidslinje. Minutt for minutt."

Alle på Stord og i bygdene rundt er hjarteleg velkomne til å besøkja SkaperTillit for å sjå kva me held på med, oppmodar Bernt Arild til slutt.

Frå Skapartillit i desember, Leirvik bedehus

Oversikt over samlingar framover:

Alle samlingar startar kl 19.00.

Nr	Dato:	Tema:
05	18.02.2019	Kva er så spesielt med Israel?
06	18.03.2019	Noahs flaum! Myte eller sanning?
07	08.04.2019	Korleis er Jesus Guds offerlam?
08	13.05.2019	Skapinga av himmel og jord!

www.facebook.com/pg/SkaperTillit

Godkjent NaMu-vegleiar

I haust vart dagleg leiar Marit Hårklau Ådnanes godkjent som vegleiar i Naturleg Menighetsutvikling (NaMu). I over to år har Marit lese pensum, og også hatt praksis i lokale menigheter/forsamlingar med Ommund Rolfsen og Runar Landro som læremeistrar.

Av seg sjølv

Kjerna i NaMu er «av seg sjølv», henta frå Markus 4, 26-29. Det er Gud som gir vekst. Me skal så og hausta. Og me kan ta vekk hindringar for vekst. Det er spesielt dette siste me arbeider med. Gjennom undersøkingar har ein kome fram til åtte kvalitetsteikn som er meir utvikla i voksande forsamlingar enn i dei som ikkje veks. Varme relasjonar er eit slikt teikn, der vekta er på adjektivet «varme». Det er relasjonar i alle forsamlingar, men er dei varme eller kalde? Om til dømes dette viser seg å vera svakaste ledd i menighetsprofilen, er det dette som mest hindrar vekst, og ein vil spesielt arbeida med tiltak for at relasjonane skal bli varmare.

«Flere sunne menigheter»

Dette er visjonen til NaMu Norge. Over 400 forsamlingar i Noreg har vore eller er i NaMu-prosess. I eigen samanheng starta Halsnøy og Voss Indremisjon slik prosess hausten 2017. Mykje meir kunne vore sagt omkring NaMu. Me anbefalar intro-heftet ABC i Naturleg menighetsutvikling om du er litt nysgjerrig. Gå gjerne også inn på nettsida www.namunorge.no for info, eller kontakt Marit for prat.

Marit Hårklau Ådnanes vart i oktober godkjent som vegleiar i Naturleg Menighetsutvikling (NaMu). Kjetil Sigerseth, daglig leder i NaMu Norge, overrekte diplom i samband med at han og kona leia nådegåveseminar på Halsnøy i oktober.

Helsing frå Framnes

Kristne Vidaregåande Skule

Talentiade Framnes.
Her er det fjorårets elevar som deltar med danseframsyning.

Framnes-livet på ein heller hustrig vinterdag i januar er ikkje utan aktivitet og lyd, om nokon skulle tru det! Her kjem elevar skliande på slippers nedover bakken frå internata, innhylla i store vinterjakker. Vaktmeistrane har si fulle hyre med å følgje med på vermelding – snøbrøyting og salting/strøing. Krykkjer er eit fast innslag i dagleglivet her for tida. Det er idretten si skuld stort sett, blanda med ungdomeleg overmot. Det seier seg sjølv då at å bevege seg ute på glattisen, ikkje er ein god kombinasjon.

Elevane har no kome godt i gang med andre termin. I dag skal karakterane delast ut til elevane, så då kan me forvente veldig mykje lyd. Nokon høglytte protestar og argumentering om urettferdighet, andre igjen med gledeshyl. Igjen viser det seg at jevn jobbing løner seg....

Me har fått nye heimesider; framnes.vgs.no. Dei aller fleste som søkjer skuleplass er på nett og søkjer digitalt. Det er difor viktig å «henge med i svingane» og vere der ungdomen er og presentere seg for komande elevar. Det er mange gode tilbod der ute – og det er viktig å nå ungdomen der dei befinn seg; i den digitale verda, med nye heimesider, også nye søknadssider. Det er gledeleg å sjå at antall innkomne søknader er betre enn same tid i fjor.

Etter halvtanna års permisjon, har rektor Harald Voster kome på plass att i sjefsstolen. Internatleiaren vår, Anne Marie Solsvik, har sagt opp stillinga si frå og med 1. mai, så i desse dagar går det ut stillingsannonse på hennar jobb. Ho skal nyte sitt otium som pensjonist.

Me var så heldige i haust å få besøk av Geir Lippestad. Alle vgs-elevane i Kvam var samla i Framnes Arena. Han heldt eit svært interessant og tankevekkjande innlegg om «Menneskeverd – fins det eit ytterpunkt for toleranse?» Les meir på heimesida vår.

I desember hadde me vårt årlege «Open helg» der spesielt 10.klassingar vart invitert til å besøkje oss og sjå på skulen/fag etc. Dette er ein suksess kvart år, med godt over 100 deltakarar. Mange av desse får me som reelle søkjarar. Årleg har me to samlingar for foreldre/føresette – neste er no i byrjinga av februar. I år står også utenlandsturar på programmet. Det er vg2 og vg3 som drar til Østerrike/Roma/Spania/Skottland – alt etter kva linje og fag dei har. Frå neste år, blir det vg2 som får høve til dette.

I neste veke kjem Dag W Haugeto-Stang og har seminar for vg1 og vg3 i tema «Sex og samliv». Dag er tidlegare pastor i Frikirken, no bl.a. organisasjonsutviklar i Normisjon. Han og kona Tonje har gitt ut bøker, bl.a. om samliv. Ellers er det som vanleg møter ein til to gonger i veka, samt bibelgrupper i heimane ein gong i månaden. Rike møteplasser begge deler.

I februar skal lærarar og internatavdeling bli kursa i tema «Sorg og traumer». Elevane våre opplever både dødsfall i nær familie, samt skilsmisse blant foreldre. Begge deler er traumatiske og korleis skal me som tilsette imøtekoma ungdomen?

Heldigvis(?) er snøen komen, slik at undervisning i Telemarkski tar til over helga. Andre av oss har meir enn nok med å klare å halde oss på beina på glatta...

Norunn Repål Løyte
Skulesekretær

Elevar hjelper til med å pakka Ljosglytt.
Framme f.v. Kristoffer Sætre Strømme og Kristoffer Urhaug.

Volleyballturnering – og her er vinnarane

Reiseruta februar og mars

Marit Hårklau Ådnanes
05.02 Ressursgruppetreff I
13.02 Bømlo Indremisjon
17.02 Halsnøy Indremisjon
19.-21.02 Framnes KVGS
21.02 Ressursgruppetreff Hardanger
07.03 Tysnes støtteforening for IM
09.03 Forsamlingskonferanse Norheimsund
10.03 Håvik Indremisjon
17.03 Kyrkjetunet Ølen
19.03 Norheimsund Indremisjon
21.03 Huglo Indremisjon

Arne Lindekleiv
13.-15.02 Tørvikbygd Indremisjon
10.03 Halsnøy Indremisjon
17.03 Holmedal Indremisjon

Kåre Johan Hamre
06.02 Neset Indremisjon
07.02 Stranda Indremisjon
08.-10.02 Uggdal Indremisjon
11.02 Granvin Misjonslag
13.-14.02 Granvin Misjonslag
21.02 Utbjoa Indremisjon
22.-24.02 Brandøytreff
25.02 Granvin Misjonslag
27.02-01.03 Uskedalen Indremisjon
02.-03.03 Guddalsdalen Indremisjon
07.-08.03 Samnanger Misjonsforsaml.
09.03 Forsamlingskonferanse Norheimsund
10.03 Samnanger Misjonsforsamling
11.03 Granvin Misjonslag
13.-14.03 Granvin Misjonslag
20.-21.03 Gravdal krins
22.-24.03 Jondal Indremisjon
25.03 Granvin Misjonslag
29.-31.03 Tørvikbygd Indremisjon

Marit Andresen Røen
13.-14.02 Tysnes støtteforening for Indremisjonen
15.02 Gilje og Thormodsæter IM
17.02 Laurhammer Indremisjon
27.02-02.03 Vinterferieopph. Helgatun
03.03 Norheimsund Indremisjon
09.-10.03 Varaldsøy
22.-24.03 Børsheim og Fosse IM
28.03 Høylandsbygd Indremisjon
29.03 Borgundøy Indremisjon
30.03 Ølensvåg Kvinneforening
31.03 Gilje og Thormodsæter IM
I tillegg har Marit også deler av KingSing-arbeidet (Samnanger) med i stillinga.

Eirik Stensland
20.02 Auklandshamn Indremisjon
24.02 Moster Indremisjon
08.-10.03 Tweensleir Brandøy
24.03 Halsnøy Indremisjon

Johannes Olsen
06.02 ConTeenNew
07.02 Husnes Indremisjonsforening
08.02 Husnes IUF
17.02 Sagvåg Indremisjon
19.-21.02 Framnes KVGS
25.02-03.03 Misjonstur m/ ConTeenNew
06.03 ConTeenNew
07.03 Bråtveit Indremisjon
09.03 Forsamlingskonferanse Norheimsund
10.03 Øystese Indremisjon
22.-24.03 Juniorhelg Brandøy

Lise Marie Thuestad Litlabø
08.-10.02 Damehelg Brandøy
15.02 Fredagsklubben Leirvik
19.02 Ølensvåg Yngres
20.02 Myldredag Moster
21.02 Jondal Ving
05.03 Bømlo Minimax
06.03 Småbarnstreff Uskedalen
10.03 Leirvik Søndagsskule
12.03 Gilje Yngstes
15.03 Finnås Prosjekt
23.03 Osterneset Indremisj. Kvinneforening
24.03 Øvrebygda Indremisjon
26.03 Meling Yngstes
28.03 Sagvåg Torsdagsope

Olav Eikemo
07.02 Vikebygd krins
08.-09.02 Fosse og Børsheim IM
10.02 Samnanger Misjonsforsamling
10.02 Fosse og Børsheim Indremisjon
13.-16.02 Skånevik Indremisjon
17.02 Holmedal Indremisjon
17.02 Skånevik Indremisjon
22.-23.02 Hiskjo Indremisjon
24.02 Os Indremisjon
07.-08.03 Frette krins
09.-10.03 Odda Indremisjon
27.-29.03 Øvrebygda Indremisjon
31.03 Øvrebygda Indremisjon

Jorunn Eikemo
08.-10.02 Fosse og Børsheim IM

Liv Rolfsnes
21.02 Huglo Indremisjon

Roald Evensen
06.-10.03 Fitjar Indremisjon
12.-17.03 Meling, Gilje og Laurhammer Indremisjon

Erik Furnes
24.03 Moster Indremisjon
24.03 Søfteland Indremisjon

Gunnar Ferstad
10.02 ImF Stord
10.02 Vintermøte Bremnes kyrkje

Ola Malvin Lomheim
17.02 Moster Indremisjon
07.03 Sunde Indremisjon
10.03 Sunde Indremisjon
21.03 Tysnes støtteforening for IM
28.03 Tysnes støtteforening for IM
31.03 Håvik Indremisjon

Tor Ingvald Lauvrak
26.02-03.03 Voss Indremisjon

Håkon Garvo
27.-31.03 Finnmarksmøte Bømlo

Reidar Brevik
17.03 Sagvåg Indremisjon
20.03 Sveio Indremisjon

Solveig Norheim
02.03 Lothe og Alvsåker Indremisjon
08.-09.03 Sunde Indremisjon



Med Guds ord til folket

Sommarens Storsamling
Stord, 21.-23. juni 2019
Hovudtalar: Jarle Haugland
Tale laurdag kveld: Ingvild Løklingholm

Avsender: Indremisjonskontoret, Pb 150, 5401 STORD

B

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE

NORGE P.P. PORTO BETALT

PÅ TAVLA

LIK OSS PÅ facebook

Indremisjonssamskipnaden inviterer til
Forsamlingskonferanse
Norheimsund Bedehus
Laurdag 9. mars kl. 1100 - 1700

Marit Hårklau Ådnanes, Johannes Olsen,
Knut Kvamme og lokale bidragsytarar

Pris kr. 300,-

Påmelding innan onsdag 6. mars til
www.indremisjonen.no

ims

KONFIRMASJON
I REGI AV IMS

Informasjonsmøte
på Leirvik Bedehus
onsdag 27. mars kl. 18.00

www.conteennew.no

ims
CON TEEN NEW

ims
Indremisjonssamskipnaden

VAKSEN – BARN LEIRAR 2019

JUNIORHELG PÅ BRANDØY 4-9 ÅR M/FØLGE
22.-24. MARS

SUPERHELG PÅ HELGATUN 0-9 ÅR M/FØLGE
24.-26. MAI

Familieleir Brandøy 3.-7. juli

PÅMELDING INDREMISJONEN.NO

Velkommen til
HELGATUN

KOMBILEIR
12. – 16. APRIL 2019

PÅSKEOPPHALD
17. – 22. APRIL 2019

Påmelding: Helgatun tlf. 56 51 98 98 mail: helgatun@helgatun.no

Sommarens Storsamling
Stord, 21. - 23. juni 2019
Hovudtalar: Jarle Haugland
Tale laurdag kveld: Ingvild Løklingholm

Vårtreff på Brandøy -for oss over 60
29. april – 02. mai 2019

Velkomen til vårdagar på Brandøy! Naturen her er ei perle av Guds store skaparverk med fjord, fjell og skogkledde lier. Her kan du finna ro og kvile for kropp og sjel. Det blir samlingar om Guds ord, forbøn og vitnemål.

Talarar og foredragshaldarar:
Norodd Stavenjord –tidlegare prost i Haugesund og Kamerun-misjonær
Marit Hårklau Ådnanes –dagleg leiar i Indremisjonssamskipnaden
Jorunn og Olav Elkemo –forkynnarar i Indremisjonssamskipnaden
Svein Helge Bergfjord –misjonshøgskulestudent og bedehusentusiast

Leiarteam:
Arne Lindekleiv, Jens Tveit, Inger Johanne Stangeland
Song og musikk:
Jette Marie og Bjarne Steinsund og KM-karane

Velkommen til gode dagar med fellesskap om Guds ord og fellesskap med kvarandre

ims
NiMS

Påmelding:
Indremisjonskontoret
Tlf. 53 41 07 04
www.indremisjonen.no

Brandøytreff
-leir tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming-

22.-24. februar 2019

Påmelding:
www.indremisjonen.no

W.W.J.D.
What would Jesus Do?

Helgatuntreff med busstur
11.-16. august 2019
Solveig Norheim, Klaus Muff, Svein Bjarne Aase

Sunnhordlandstreff på Helgatun
19.-23. august 2019

Påmelding til Helgatun tlf. 56 51 98 98
helgatun@helgatun.no